

Kyrkja på kulturarenaen

«Eg har nesten lyst til å sende ei aldri så lita takk til fire durkdrevne karar i Larvik,» seier Kristin Gunleiksrud spøkjefullt. «Då Chronach-biletet blei stole frå Larvik kyrkje, var det ei rekkje politikarar som nær sagt konkurrerte om å fortelje kor viktig kunsten i kyrkjerommet er. Det gir ei heilt spesiell oppleving når ein kan sjå eit bilete i rommet det er skapt for, meinte dei.»

KUNSTHISTORIE

«Kyrkjene rommar ein kulturarv som er ein stor ressurs for Den kulturelle skolesekken. Kunsthistoria har inga døme på motiv som er måla i så mange variantar i

så mange epokar som dei sentrale kristne motiva. Engelen som varslar Maria om at ho skal bli mor, Jesus som vekkjer opp det daude barnet, Jesus som heng på krossen. Elevane kan lære

mykje kunsthistorie gjennom å oppleve kyrkjekunsten.»

OPNE DØRER

Kristin Gunleiksrud har nyleg gitt ut boka *Kirken og den kulturelle skolesekken*, der ho er oppteken av å skape felles møteplassar for skolen, kunsten og kyrkja. «Boka er eit uttrykk for at kyrkja ønskjer å satse på kunst og kultur. Men ho er òg eit uttrykk for at noko er i ferd med å snu både i skolen og i kunsten. No blir kyrkja stadig meir sett på som ein ressurs,» hevdar ho. «For IKO er det viktig å leite etter dei opne dørene, men òg å finne fram til kva for dører vi kan opne. Vi er på jakt etter dei gode sjansane. Når eg er på reise rundt i landet i samband med jobben min, ser eg at skolane i aukande grad våger å bruke kyrkja, og dei er på jakt etter kva kyrkja kan tilby av læring. Skolesekken gjer det mogleg å tenkje nytt både for skolen og kyrkja. Han gir ein ny innfallsvinkel både til det religiøse og til kulturarven.»

LÆRE OG OPPLEVE

«Innfallsvinkelen er kva elevane kan lære og oppleve. Ta til dømes døden. Det kan vere vanskeleg å undervise om døden i skolen. Men det kan bli lettare om klassen går til kyrkjegarden eller går inn i kyrkja for å sjå på ting som har med døden å gjere, og snakke om det ein ser. Kyrkja er det eldste bygget i mange

Kyrkja
blir sett på
som ein
ressurs

kommunar, og ofte det fremste signalbygget for å lære om arkitektur. Dessutan har kyrkja ein tilsett profesjonell musikanter, nemleg organisten,» seier Gunleiksrud.

KVA SLAGS SKOLESEKK?

Astrid Holen leier det nasjonale sekretariatet for Den kulturelle skolesekken. «Den kulturelle skolesekken er ei nasjonal satsing som skal gjere at elevar i skolen får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Satsinga krev eit samarbeid mellom kultur- og skolesektoren,» fortel ho, og legg til at det no er 29 000 ulike skoleførestillingar i løpet av eit år.

«Elevane skal møte profesjonelle kunst- og kulturtilbod med høg kunstnarleg kvalitet. Den kulturelle skolesekken skal omfatte ulike kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfald av kulturarv og frå ulike tidsperiodar. Både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv skal vere representerte, og det skal vere variasjon i formidlingsmåtane. I kyrkja kan



Kristin Gunleiksrud vil helst ha raud sekk til raude skor. Og opp av sekken hentar ho si eiga bok «Kirken og den kulturelle skolesekken».



Turid Myrholt vil gjerne at kyrkja skal vere på banen både når det gjeld Den kulturelle skolesekken og Den kulturelle spaserstokken.

ein møte døme på alle desse kunststartane.»

FØREBILETLEG

Holen trekkjer fram *Stortingsmelding nr. 8 (2007–2008) Kulturell skolesekk for framtida* der det blir sagt eksplisitt at kulturuttrykk frå religiøse institusjonar og trussamfunn har sin plass i Den kulturelle skolesekken.

«Boka til Kristin Gunleiksrud gir ein god modell for kva ein kan gjere,» seier Holen. «Boka har lettfatteleg språk, gode konkrete eksempel og flotte illustrasjonar. Det blir lagt opp til utstrakt bruk av kyrkjerommet. Men eg meiner at bibelforteljingane òg er ein del av kulturarven vår som ein gjerne kan ta inn i Den kulturelle skolesekken.»

DEN TREDJE ARENAEN

Turid Myrholt er nyleg tilsett i ei nyoppretta stilling som kulturrådgjevar på sentralt hald i Den norske kyrkja. Ho er oppteken av kva rolle kulturen kan ha i kyrkje-skole-samarbeidet:

«Det fine ved å nytte kultur i

kyrkje-skole-samarbeidet er at skolen og kyrkja kan møtast på ein tredje arena. Kunstverk, skodespel, musikk og kulturarven kan vere utgangspunkt for samtalar. Det er noko anna enn å samtale med utgangspunkt i den kristne trua. Den tredje arenaen er ein tumleplass der både skolen og kyrkja har kompetanse, utan at nokon av dei kan krevje eksklusiv eigeidomsrett,» seier Myrholt.

KULTURKAPITAL

«Vi har ein skole i Noreg som framleis er ganske einsarta. Elevane lærer ikkje berre gjennom intellektet,

men òg gjennom å bruke sansane. Det er gjort mykje for å framleiske den estetiske interessa til elevane. Det estetiske er inkludert i ei rekkje fag. Barna er musikalske, dei er visuelle, dei bruker film og animasjon på skolen. Det gjer at barn og unge har ein kulturkapital som gjer det lett for kyrkja å kommunisere med dei,» meiner kulturrådgjevaren, som har bakgrunn både som teolog og teaterarbeidar.

I AKTIV BRUK

«Når ein inviterer barn til kyrkja, får dei oppleve kunst og kultur som er levande i dag. Kyrkja har ein stor føremøn framfor musea ved at alt inventar er i aktiv bruk, anten det er gamle gjenstandar eller heilt nye. Kunsten i kyrkja er brukskunst. Elevane møter noko som kan fortelje på ein annan måte enn den verbale forteljinga. Men ofte kan det òg vere ei verbal forteljing knytt til gjenstandane.»

Myrholt meiner Den kulturelle skolesekken er ei

gåvepakke til henne som kulturarbeidar i kyrkja: «Her er det nokon som har gått opp løypa for meg og lagt til rette. Eg treng ikkje ta til på bar bakke!»

SPASERSTOKKEN

Myrholt har ikkje berre begynt den nye jobben med skolesekk på ryggen. Ho legg i veg med spaserstokk i handa òg.

«Den kulturelle spaserstokken er ei like stor utfordring til kyrkja som Den kulturelle skolesekken. I statsbudsjettet for 2009 ligg det inne 20 millionar kroner til Den kulturelle spaserstokken, det vil seie satsinga på samarbeidet mellom kultursektoren og omsorgssektoren. Halvdelen av pengane kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet, halvdelen frå Helse- og omsorgsdepartementet. Tanken er at midlane skal nyttast til kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, etter modell frå skolesekken. Kyrkja kan ha mykje å tilby inn i dette konseptet,» meiner Myrholt.

KOMPETANSE

Vi treng å byggje opp kompetansen i kyrkjelydane når det gjeld å skrive søknader om kulturmiddel. Både eg og kulturrådgjevarane i bispedømma skal kunne hjelpe folk med dette. Kyrkja må hente pengar til kultursatsing frå den same potten som alle andre, og då er søkjekompetanse grunnleggjande viktig. Ta kontakt med kommunen og fylkeskommunen. Det gjeld å byggje opp eit godt kontaktnett. Her er både kyrkja og kulturlivet inne i ein læringsprosess. Staten har gitt oss utfordringa, og vi må gripe henne,» seier Turid Myrholt.

Skolen og kyrkja kan møtast på ein tredje arena